



Solfest og karneval er ein lang tradisjon i Uskedalen barnehage. Årlig når sola kjem attende til bygda, og våren er i emning, har barn og vaksne i barnehagen markert dette med solfest og karneval.



Det er ikkje så mykje som har minna oss om våren, og ein kommande sommar utanfor vinduet den siste tida. Innimellom snø, sludd og regnbyer har det likevel periodevis vore opplett med små lysninger og solstråler på himmelen, men lang frå nok til

at vårkjensla for alvor har komme sigende til Uskedølingane.

Hadde du derimot lagt turen din innom Uskedalen barnehage i dag, ville du nok fyrst stoppa opp å lytta....

Lyden av sambamusikken, glade stemmer og rytmeinstrument ville truleg nådd deg. Hadde du kikka nærmare etter, ville du oppdaga at soler i ulike storleikar og former pryda både leikeplassen ute, og vindauga i barnehagen vår.

Hadde du våga deg endå nærmare, og kikka inn gjennom eit av vindauga i barnehagen, ville du truleg sett glade barn, og vaksne pynta til karneval og solfest.

Ungar som leika, dansa samba, hadde karnevalstog, dansa limbo og slo pinjata. Eg er heilt sikker på at kjensla av vår, sommar, og glede hadde nådd også deg.

Barna i Uskedalen barnehage er i allefall sikre i sin sak : No kjem våren til barnehagen vår. Snart kan vi leika ute bare i jogglesko og jakke.













Tekst og foto: Ann Irene Sæle
Nett: Thor Inge Døssland